

PLANINITIATIV

for Borlaugshagen Næringspark

14.11.2025



Utarbeida av: Synne Alvilde Næss/Hilde Helene Bjørnstad
Kvalitetssikra av: Kristine Sande Wilkensen
Versjon: 03 justert etter innsnevring av planområde

1. Føremålet med planen

Asplan Viak AS fremjar på vegne av Filefjell Hyttetervice AS, planinitiativ for privat detaljregulering av Borlaugshagen Næringspark, gbnr. 78/3 og 78/15 på Borlaug i Lærdal kommune.


Hensikta med planen er å leggje til rette for næringsverksemd, i tråd med dagens bruk. Det er tidlegare opna for næringsverksemd på dette arealet gjennom dispensasjon, og formålet vil no vere å regulere denne bruken permanent i tråd med areal avsett i kommuneplanen sin arealdel.

Det vil vere viktig i planarbeidet å sikre gode overgangar til omkringliggande terreng og landskap. Det er på noverande tidspunkt ikkje sett behov for å regulere fleire plannivå, anna enn på bakken.

2. Planområdet og omgivnadane

Frå Borlaugskrysset øvst i Lærdal deler vegen seg i riksveg 52 over Hemsedalsfjellet og E16 over Filefjell. Planområdet ligg om lag 400 m aust for Borlaugskrysset.

Arealet ligg sør for E16 Smeddalsvegen og har tilkomst via KV1082 Dalen. Området sør for vegen fungerer i dag som parkering/riggområde for anleggsmaskiner. Smeddalselvi renn forbi planområdet i sør.



Figur 1: Lokalisering av planområdet (kartutklipp frå kommunekart)




Figur 2: flyfoto frå Kommunekart. Raud stipla strek syner omtrentleg plassering av planområdet



Figur 3 Bilete av dagens situasjon

3. Framlegg til planavgrensing

Kartet nedanfor syner mogleg avgrensing for planområdet. Planavgrensinga følgjer hovudsakleg veglinja og vidare langs sørsida av Smeddalselvi. Storleiken på planområdet er på om lag 19,3 daa og området er sett av til næringsverksemd, LNFR og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i KPA Lærdal kommune. Plangrensa omfattar gbnr. 78/3 og 78/15.




Figur 4 Framlegg til planavgrensing. Bilete nede til venstre syner kommuneplan i bakgrunn.

4. Plansituasjon og føringar

4.1. Kommuneplanen sin arealdel (KPA), 2023 - 2035

KPA for Lærdal vart vedteken hausten 2023. I KPA 2023 – 2035 for Lærdal kommune er området sett av til framtidig næringsverksemd (N9), og utgjer om lag 26 daa. I føresegner til KPA er det for N9 sett krav om reguleringsplan før det kan tillatast nye tiltak. Området er omfatta av fleire faresoner.

Føresegner som er spesifikke til N9 er 1.1.4 a) og 2.8.4. Det vil vera fleire føresegner i arealdelen som kan ha relevans for planarbeidet som omhandlar massehandtering, vass-strengar og byggjegranser langs veg og vassdrag, og fareområde for flaum og skred.



Figur 5: Utklipp frå Kommunekart.com som syner gjeldande planar

Under er utsnitt frå føresegner til KPA pkt.1.1.4 a) og 2.8.4:

4. Framtidige byggeområder

For framtidige ikkje utbygde områder sett av til:

- a) Bygningar og anlegg etter pbl § 11-7 nr. 1 er det krav om reguleringsplan før det kan setjast i gang bygge- og anleggstiltak. Det gjeld for desse områda: B2, B6, B7, B8, B9, F1, F2, F3, F4, F5, F6, FT1, I1, KBA1, KBA2, N1, N5, N7, **N9**, R1.

2.8 Næringsverksemd (N) (pbl §§ 11-6 og 11-9 nr 1)

1. Næringsverksemd (N) er avsett til ulike former for næringsverksemd.
2. For regulert arealføremål for næring innanfor føresegnsområde #1 skal gjeldande reguleringsplan vera førande ved søknad om tiltak, jf. pkt. 1.1 underpunkt 2.
3. For noverande uregulerte arealføremål for næring N10, N11, N12, N13, N14, N15, N16, N17, N18 og N19 er det tillate med mindre tiltak i samsvar med pbl § 20-1 a, b, c, e og m) utan at området inngår i reguleringsplan, jf. pkt. 1.1 underpunkt 3. Kommunen kan krevje utarbeiding av reguleringsplan også for mindre tiltak når samfunnsinteresser tilseier dette.
4. For framtidige områder for næringsverksemd N1, N5, N7 og N9 er det ikkje tillate med nye tiltak etter pbl § 20-1 før området inngår i reguleringsplan, jf. pkt. 1.1 underpunkt 4.

4.2. Arealformål og omsynssoner i planområdet

- Landbruks-, natur- og friluftsmål (LNFR)
- Næringsverksemd (N9)
- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
- Faresone H310_1: Ras- og skredfare
- Faresone H320_1: Flaumfare
- Faresone H370: Høgspenningsanlegg
- Støysone H220: Gul sone vegstøy iht. T-1442
- Støysone H210: Raud sone vegstøy iht. T-1442
- Angitt hensynssone H560_4: Bevaring naturmiljø
- Bestemmelsesområde #2: forhold som skal avklares og belyses

4.3. Arealformål og omsynssoner som grensar til planområdet

- Landbruks-, natur- og friluftsmål (LNFR)
- Næringsverksemd (N9)
- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
- Faresone H310_1: Ras- og skredfare
- Faresone H320_1: Flaumfare
- Faresone H370: Høgspenningsanlegg
- Støysone H220: Gul sone vegstøy iht. T-1442
- Støysone H210: Raud sone vegstøy iht. T-1442
- Angitt hensynssone H560_4: Bevaring naturmiljø
- Bestemmelsesområde #2: forhold som skal avklares og belyses

12 FØRESEGNOMRÅDER

Følgjande områder er avsett som føresegnsområder:

Stadnavn	Feltområde	Storleik
Lærdalsøyri – Ulike arealføremål	#1	1229 daa
Borlaug – Samferdselsanlegg	#2	54 daa
Maristova Sør – Fritidsbustad	#3	78 daa
Maristova Nord – Fritidsbustad	#4	41 daa
Maristova- Idrettsanlegg	#5	297 daa
Gramstølen – Fritidsbustad	#6	610 daa
Buhaugane - Fritidsbustad	#7	1058 daa


1 Område merka med # på plankartet syner gjeldande reguleringsplanar skal gjelda delvis under desse føresetnadane:

- Reguleringsplankart skal gjelda framfor kommuneplankart med unntak av omsynssoner og samferdselslinjer som vil kunne supplera reguleringsplankart. Dei generaliserte arealføremåla under skravuren er ein illustrasjon som ikkje er bindande for den framtidige arealbruken.
- Generelle føresegner og retningslinjer i kap. 1 skal supplera gjeldande reguleringsplanar.
- Særskilde føresegner og retningslinjer i kap. 2 skal supplera og gjelda framfor føresegner i gjeldande reguleringsplan.

4.4. Vedtekte reguleringsplanar i og nær planområdet

Reguleringsplan for E16 Borlaug-Brusestølen (2010)

Planområdet er omfatta av reguleringsplan for E16 Borlaug – Brusestølen, arealplan-ID: 4642_1422-2010001, vedteke 11.02.2010. Målet med planarbeidet var å regulere utbetring og omlegging av E16 frå Borlaug til Brusestølen inkludert omlegging av kryss mellom E16 og Rv52 ved Borlaug og tilrettelegging for drift av veganlegget.



Figur 6 Utsnitt frå Kommunekart som syner gjeldande reguleringsplan i området.

I reguleringsplanen er Borlaugshagen regulert til *mellombels trafikkområde* og for permanent fase: *jord- og skogbruk*. Sitat frå planomtalen: «Arealet mellom ny E16 og elva i Borlaugshagen vises som riggområde i reguleringsplan. Dette er riggområde som skal brukast når E16 skal byggast gjennom Borlaug og Borlaugshagen og for bygging av tunnelen. Her kan det blant anna bli anleggskontor, mellombels lagring av massar i anleggsperioden og foredling av massar (knuseverk) til vegbygginga».

Føresegn 5.3. til Borlaugshagen: «Jord- og skogbruksareal brukt til mellombels riggområde skal først tilbake til opphavleg bruk før veganlegget er avslutta, med stadlige massar».



Figur 7 Reguleringsplanen for E16 har regulert tiltaksområdet til mellombels deponi og anleggsområde og jord og skogbruk.

4.5. Reguleringsplanar under arbeid i nærområdet

Ikkje kjent.

4.6. Samfunnsplan for Lærdal

Jamfør Samfunnsdelen 2018 – 2030 for Lærdal kommune, skal Lærdal verta ein føregangskommune innan grøn næringsutvikling. Nye lønnsame arbeidsplassar er det viktigaste målet for omstillingsarbeidet. Tilrettelegging for nye næringar for å skape fleire arbeidsstader vil vera viktig å fokusere på i planlegginga framover.

4.7. Nasjonale og regionale føringar

- Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for vernede vassdrag, vedteke ved kongeleg resolusjon 10. november 1994, jf. rundskriv T-1078.
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Regionale planar vassforvaltning (2022 – 2027)
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (2014)

5. Presentasjon av prosjektet / planidéen

Hensikta med planen er å leggje til rette for ei vidareføring av den næringsverksemda som er i området. I dag vert området nytta til anleggsretta verksemd og lager.

Det vil vere ønskjeleg at planen er fleksibel nok til at detaljar knytt til plassering av bygningar og interne vegar og andre bruksareal/lagring/oppstilling innafor næringsområdet kan fastsetjast i byggesak. Utbyggingsvolum og byggehøgder er ikkje avklart på noverande stadium, men det er å forventa lager og verkstadbygningar med byggehøgde opp mot 15 meter.

Det vil vere viktig i planarbeidet å sikre gode overgangar til omkringliggende terreng og landskap. Plangrepet skal finne sin form gjennom planprosessen basert på utgreiingar, som til dømes naturfare, landskap, massehandtering, natur, kulturminne, veg, vatn og avlaupshandtering, og ikkje minst framleggsstillar sine behov.

6. Verknader av tiltaket

6.1. Landskap, omgjevnad, stadkarakter og fjernverknad

Tiltaksområdet er i dag nytta som næringsområde og planert ut. Området ligg innafor og tett på eksisterande tekniske inngrep (veg, tunnel, deponi/oppdyrka beitemark og næringsområde). Det er ikkje registrert kulturlandskapsverdiar i området.

Landskapsrommet er relativt avgrensa av bratte fjellsider i alle retningar, men området er eksponert for vegfarande oppover E16. Nær- og fjernverknad må vurderast nærmare i planarbeidet.

Det må leggst vekt på gode overgangar mellom eksisterande og nytt terreng. Eventuelle murar kan trappast av, og skråningar kan revegeterast. Kantvegetasjon langs Smeddalselvi skal takast vare på.

6.2. Landbruk

Det er ikkje registrert landbruksareal innanfor planområdet, jf. Nibio. Området er i dag planert ut.

6.3. Trafikk og støy

Planområdet har tilkomst frå E16 inn på KV1082 (Dalen).


Total ÅDT på E16 er på 972, der del lange køyretøy er 25% (Vegkart, 2024). Fartsgrense på E16 forbi vegkrysset er på 80 km/t. Vegbreidda er på om lag 9 m forbi vegkrysset.

KV Dalen har fartsgrense på 80 km/t og har ei vegbreidde på 7m.

Krysset med E16 er omfatta av Reguleringsplan for E16 Borlaug-Brusestølen (2010), og er opparbeidd i samsvar med reguleringsplanen. Sikt frå KV Dalen ut i E16 er regulert til 10x138m og 10x150m. Krysset er dimensjonert for semitrailer og har dråpeøy.


Trafikkmengd frå næringsområde i planområdet vil vere relativt låg då det ikkje er planar om arbeidsplassintensive næringar/publikumsretta verksemd som skal inn i området.

Vi legg til grunn at nytt næringsområde ikkje vil utløysa behov for utbetring av krysset. Dagens kryss inngår ikkje i planområdet.



Figur 8 Utsnitt av kryss frå vedteken reguleringsplan (Reguleringsplan for E16 Borlaug-Brusestølen (2010)).

Det er gul og raud støysone frå vegtrafikkstøy langs E16 og KV Dalen. Det er utarbeidd støyrapport i forbindelse med utbygging av ny E16 Borlaug – Brusestølen (2008). Planområdet ligg utanfor utarbeidd støysonekart.



Figur 9 Støysonekart for E16 og Dalen langs Smedalselvi, henta frå [Støysoner for riks og fylkesveger](#). Planområdet er vist med stipla sirkel.

6.4. Naturmangfald

Det er ikkje registrert naturverdiar innanfor planområdet.

Det er tidlegare gjort ei konsekvensutgreiing for E16 Borlaugshagen – Kolsmarkgrovi (2009). Her vert det nemnt at planområde ligg i mellomboreal til nordboreal vegetasjonssone. I området dominerer lauvskog, med noko innslag av barskog. Dalføra ned frå fjellet er viktig oppvekst- og leveområde for storvilt (hjort/elg/rådyr) og småvilt (rype/hare). Smeddøla, som renn gjennom området, er oppvekst- og leveområde for aurefisk (fjellaure). Dette vassdraget er med i verneplan for vassdrag.


Berggrunnen består av granittisk ortogneis. Det er lokalitetar med kalkhaldig berggrunn, med vegetasjon som har innslag av kalkkrevjande planter.

Ved Borlaugshagen er det innslag av naturengplanter, men einer er dominerande. Her er registrert ei stor og nokre mindre steinblokker med relativt stort artsmangfald av lav. Fugl og vilt har området som leve- og oppvekstområde.

6.5. Kulturminneverdiar


Jamfør naturbasekart er det ikkje registrert kulturminneverdiar innafor sjølve planområdet.

Det er registrert fire SEFRAK bygningar (husmannsplassen ved Borlaugshagen) like nordvest for planområdet, men dei vart fjerna då vegen (E16) vart bygd. Det er gjennomført Konsekvensutgreiing E16 Borlaugshagen – Kolsmarkgrovi samt utarbeidd rapport frå fylkeskommunen si kulturhistoriske registrering (2008).



Figur 10 Det er registrert fire SEFRAK bygningar (husmannsplassen ved Borlaugshagen) like nordvest for planområdet, men dei vart fjerna då vegen (E16) vart bygd (Naturbase).

Ein del av Kongevegen går forbi nord for planområdet, gjennom innmarka forbi «Hagen» over taket på Borlaugstunnelen, og gjennom granskogområdet aust for planområdet. Planområdet omfattar ikkje Kongevegen. Påverknad på den del av Kongevegen som går forbi tiltaksområdet skal vurderast i planomtalen. Alle andre kulturminne innanfor planområde for E16 er fjerna.



Figur 11 Utsnitt som syner Kongevegen (blå strek) i nærleiken av planområdet. Svart stipla strek syner planområdet. Utsnitt henta frå [Maristova - Borlaug - Kongevegen over Filefjell \(visitkongevegen.no\)](http://Maristova-Borlaug-Kongevegen-over-Filefjell.visitkongevegen.no)

6.6. Reiseliv

Ved krysset mellom E16 og RV52, Borlaugkrysset, er det moglegheit for overnatting ved Borlaug Vandrerhjem. Rett nord for E16 ligg Borlo Bygdetun, eit museum med 20 bygningar. I dette området ligg også parkeringsplass for fotturistar som skal gå Kongevegen. Nytt næringsområde vil ha lite til ingen påverknad på desse lokalitetane. Næringsområdet er knapt synleg frå Borlaugskrysset.



Figur 12 Borlo Bygdetun og starten på Kongevegen.

6.7. Friluftsliv

Området ligg ikkje innafor areal registrert som friluftslivsområde i Naturbase kart (miljodirektoratet.no). Kongevegen som tursti og utfartsområdet ved Borlaugkrysset er viktig for friluftslivet i området.

6.8. Nærmiljø/bumiljø

Næraste bustad til planområdet er gbnr. 78/3 Dalen nr. 6, «Borlaugshagen» som er registrert som fritidsbustad i matrikkelen.

Det er elles bustader ved Borlaugkrysset. Veganlegga i området (E16 og RV52) påverkar nærmiljø og bumiljø i dagens situasjon.

6.9. Born og unge sine interesser

Det er ingen kjende konfliktar med born og unge sine interesser i eller i nærleiken av planområdet.

6.10. Klima og miljø

Tiltaka som planframlegget skal legge til rette for vert bygd på allereie nedbygd areal. Det må sikrast at avrenning til omkringliggende område, spesielt vassdrag, skjer utan forureining.


7. Vurdering av samfunnstryggleik

7.1. Skredfare


Ifølgje NVE sine kartdatabasar (atlas.nve.no) ligg planområdet innanfor aktsemdsområde for snøskred, jord- og flaumskred, og steinsprang. Området har dermed potensiell skredfare som må kartleggast, og naudsynte sikringstiltak må gjennomførast før nye tiltak kan gjennomførast, jamfør føresegn 8.2 i framlegg til KPA.

Heile planområdet er omfatta av H310_1, ras og skredfare i KPA.


Aktsemdsområde snøskred S3, henta 14.11.2025 (delar av planområde er ikkje rørd av aktsemdssone S2 med skogeffekt)



Aktsemdsområde steinsprang, henta 14.11.2025: delar av planområdet ligg innanfor sona.




Aktsemd jord- og flaumskred henta, 14.11.2025: delar av planområdet ligg innanfor sona.



7.2. Flaumfare

Delar av planområdet ligg innafor aktsemdsområde for flaum, her er det potensiell flaumfare. Bygge- og anleggstiltak er ikkje tillate før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd, jamfør føresegn 8.3 i framlegg til KPA.



Figur 13 Aktsemdsområde for flaum (NVE Atlas, henta 14.11.25)

7.3. Høgspentanlegg

Gjennom delar av planområdet går det ei 22 kV høgspentlinje, eigd av Lærdal Energi AS. I punkt 8.4 i føresegnene til framlegg til ny KPA for Lærdal kommune står det at innafor faresone for kraftlinjer og høgspenningsanlegg (H370) er det ikkje tillate med nye bygg.

Alle bygge- og anleggstiltak skal avklarast med anleggs-/linjeeigar.

I gjeldande reguleringsplan er det vist omsynssone 15 meter ut frå linja.



Figur 14 Høgspentanlegg går gjennom delar av planområdet (NVE Atlas)

8. Vurdering av behov for konsekvensutgreiing

Tiltaket omfattar reguleringsplan og næringsbygningar, som kan vere utgreiingspliktige.

Planinitiativet legg til rette for eit vedlegg II-tiltak i form av næringsbygningar under 15 000 m² bruksareal, men tiltaket er vurdert til å vere unnateke KU-plikt på grunn av at tiltaksområdet allereie er konsekvensutgreidd i gjeldande reguleringsplan. Reguleringsplanen ein varslar oppstart på no har dermed ikkje konsekvensutgreiingsplikt.

Gjeldande reguleringsplan for E16 Borlaug-Brusestølen er konsekvensutgreidd i 2009 etter metodikken i V712.

Omdisponering frå jord- og skogbruksområde til næringsområde i kommuneplanen er konsekvensutgreidd i kommuneplanarbeidet. KU-vurderinga til kommuneplanen ligg lengst bak i dette dokumentet (Kap. 9.1).

I det følgjande er det gjort e vurdering opp mot §§ 6 – 8 i forskrift om konsekvensutgreiingar.

§ 6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding

		Aktuell?
§ 6	Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:	
a)	kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1 , kommunedelplaner etter § 11-1 , og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II	Nei
b)	reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen	Nei, jf. under
c)	tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven.	Nei

Aktuelle tiltak i vedlegg I:

Nr.	Tiltak	Myndighet	Kommentar
-----	--------	-----------	-----------

24.	Næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på mer enn 15 000 m ² (mindre tiltak omfattes av vedlegg nr. 11j).	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven	det er ikkje planar om næringsbygg med bruksareal på meir enn 15 000 m ² .
-----	---	---	---

§ 7. Planer og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutredes, men ikke ha melding

Kommentar: Denne er ikkje aktuell, då tiltaket ikkje skal handsamast etter andre lover.

§ 8. Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn.

Bokstav	Tiltak	Aktuell?
	Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding:	
a)	reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen	Nei, jf. under.
b)	tiltak i vedlegg II som behandles etter en annen lov enn plan- og bygningsloven.	

Aktuelle tiltak i vedlegg II:

Bokstav	Tiltak	Myndighet	Kommentar
j)	Næringsbygg, herunder kjøpesentre som ikke inngår i pkt. 10 b, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven	Tiltaksområdet er utgreidd tidlegare i reguleringsplan for E16. Tiltaksområdet ligg innafor dette området.

Konklusjon:

Reguleringsplanen legg til rette for næringsbygningar under 15 000 m² (Vedlegg II, bokstav j).

Tiltaksområdet er konsekvensutgreia i tidlegare *reguleringsplan for E16 frå Borlaug til Brusestølen* av Statens vegvesen.

9. Planprosessen og samarbeid / medverknad

Framdriftsplan

Ein vil ta sikte på å ha eit forslag til reguleringsplan klart til innlevering til 1g behandling våren 2026. Endeleg framdrift vil avhenge av dei føresetnadane som kommunen og overordna mynder har til prosessen, og resultat av naudsynte kartleggingar og prosess rundt desse.

Medverknad

Vi ser ikkje at det er behov for meir tilrettelagt prosess for medverknad utover minimumskrava i plan- og bygningslova med varsel om oppstart og offentlig ettersyn. Ny vurdering kan gjerast etter å ha gått gjennom innkomne innspel til varsel om planoppstart.


Det er vurdert at følgjande offentlege organ og andre interesser skal varslast om oppstart av planarbeid i tillegg til grunneigarar, festarar og rettshavarar i og tilgrensande planområde. I oppstartsmøte tek vi gjerne imot innspel til lag, organisasjonar eller aktuelle grupper utover dette som bør involverast.

Statsforvaltaren i Vestland	Sektormyndigheit nasjonale interesser, forvaltning og rettleiing i plansakar.
Vestland Fylkeskommune	Regional forvaltning og rettleiing i plansakar. Kulturminne.
Statens vegvesen - Norsk Vegmuseum	Postveg/Kongevegen
Statens Vegvesen	Sektormyndighet for veg og trafikktryggleik. Nabo til planområdet.
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)	Forvaltar vatn- og energiressursar. Handtering av flaum- og skredfare.
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	forebygge ulykker, kriser og andre uønskede hendelser, og skal sørge for god beredskap og effektiv ulykkes- og krisehåndtering.
Lærdal Energi AS	Linjeeigar
Mattilsynet	Drikkevatn
Lærdal Brann og Redning	Branntryggleik
SIMAS	Renovasjon
Forum for natur og friluftsliv Sogn og fjordane	samarbeidsnettverk for natur- og friluftsansjonane i regionen
Kongevegen	Styreleiar Odd Helge Brugrand (info@visitkongevegen.no)
Lærdal bondelag	

9.1. Konsekvensutgreiing ved rullering av arealdel til kommuneplan:



3.6 Borlaug

Nr. N9 Borlaugshagen														
Framleggsstillar:	Lærdal kommune													
G/bnr.:	78/2, 3, 12													
Lokasjon:	Borlaug													
Gjeldande arealføremål:	Jord- og skogbruk (mellombels trafikkområde)													
Føreslege arealføremål:	Næring													
Arealstorleik [daa]:	26,4 daa													
Omtale: Lærdal kommune ønskjer eit nytt næringsareal ovanfor Borlaug, tiltenkt anleggsbedrifter og verkstad / lager.														
Tema	Kommentar	Konsekvens												
		<table><tr><td>-</td><td>-</td><td>+</td><td>++</td></tr><tr><td>-</td><td>-</td><td>0</td><td></td></tr><tr><td>-</td><td>-</td><td>+</td><td>++++</td></tr></table>	-	-	+	++	-	-	0		-	-	+	++++
-	-	+	++											
-	-	0												
-	-	+	++++											
Naturkonsekvensar														
Kulturmiljø og -minne	Det er ikkje registrerte automatisk freda eller nyare tids kulturminne innanfor eller i nærleiken av føreslege arealføremål. Det er fire SEFRAK bygningar like nordvest for føreslege areal men dei må vere fjerna av vegen då dei ikkje synast på ortofoto. Området vurderast til <i>liten verdi</i> med <i>ubetydeleg omfang</i> for fagtema.	0												
Landskap	KDP: 0 Vurdering: Mellom- til storskala, fulldyrka eng og utplanert næringsområde ved veg/tunnel. Ingen registrerte kulturlandskapsverdiar. Intenst, eksponert. <i>Liten verdi. Lite negativt omfang.</i>	0												
INON	Ikkje innafor viste soner for urøyr natur (1-3, 3-5 og >5 km frå næraste tekniske inngrep).	0												
Naturmangfald	Utbygd område og fulldyrka areal. <i>Liten verdi</i> for naturmangfald og <i>ubetydeleg omfang</i> . Viktig å sikre kantsone langs vassdrag.	0												
Landbruk	Overflatedyrka teig på 14 daa. <i>Middels verdi</i> . Tap av landbruksressurs, som ligg noko isolert, gir <i>middels negativt omfang</i> .	Minus 2												
Strandsone sjø og vassdrag/ grønstruktur / friluftsliv	Utbygd areal og jordbruksdrift med lite tilgjenge for allmenta. <i>Liten verdi. Ubetydeleg omfang</i> . Potensial med noko breiare samanhengande grønstruktur langs vassdrag (gir meir positivt omfang).	0												
Samfunns-konsekvensar	Omtale													
Folkehelse	Temaet er ikkje vurdert som aktuelt for framlegget. Gjennomføring av framlegget vil ikkje råke eksisterande opparbeida rekreasjonsområde.	-												
Universell utforming	Det er gode føresetnadar for at området kan verte universelt utforma.	God												

Born og unge	Temaet er ikkje vurdert som aktuelt for framlegget. Gjennomføring av framlegget vil ikkje råke eksisterande skular, leikeplassar eller skuleveg.	-
Areal og transport	Området har høg grad av bilavhengigheit og låg tilgjenge for gåande og syklande. TØI-rapport 1530/2016 seier at maksimalt tålt gangavstand til kollektivpunkt er 800-850 m før ein heller veljer bil. Busshaldeplass ligg ved Borgund, tilnærma 500 m unna, men ein må gå i vegkanten langs E16 mellom målpunkta. Området er difor vurdert å ikkje ligge i nærleiken av stoppestad for kollektivtransport.	Dårleg
Infrastruktur og offentlege tenester	Med unntak av vegtilkomst har ikkje området kapasitet i noverande infrastruktur for framtidige tiltak.	Dårleg
Tema	SÅRBARHEITSVURDERING – Henta frå ROS-analyse	Sårbarheit:
Samfunnstryggleik	Gjennom innleiande fareidentifisering vart 12 faretema vurdert relevant for området. Av desse vart skredfare, flaum og transport av farleg gods vurdert til å ha forhøgja sårbarheit. Desse tema må følgjast særskild opp i seinare detaljplan. Vurdering og framlegg til tiltak går fram av analysen.	0 Svært 3 Moderat 4 Lite 4 Ikkje
Måloppnåing		
Mål	Omtale	
Vekst i etablert næringsliv og knoppskyting	Framlegget har potensiale til å stette opp under delmål 2 under Hovudmål verdiskaping og næringsutvikling frå planprogrammet	Middels
SAMLA VURDERING NORCONSULT		
Med omsyn til naturkonsekvensar er innspelet vurdert å ha middels negativ konsekvens for landbruk. Sett frå eit samfunnsperspektiv er innspelet vurdert å ha både gode og ei lita overvekt av dårlege konsekvensar.		<u>Natur:</u> 0 pluss 5 null 2 minus
ROS-analysen syner at det er 3 tema med forhøgja sårbarheit innanfor planområdet, som må følgjast opp særskild i seinare detaljplanarbeid.		
Innspelet har potensial til å stette opp om mål om vekst i etablert næringsliv og knoppskyting, slik det er definert i planprogrammet.		<u>Samfunn:</u> 1 god 0 middels 2 dårleg
KONKLUSJON NORCONSULT		INN
KONKLUSJON LÆRDAL KOMMUNE		INN